



MILJØDIREKTORATET
Postboks 5672 Torgarden
7485 TRONDHEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Steigedal, 71 25 84 80

Tilråding om utvida skogvern ved Ørnakken naturreservat - Skodje kommune

Fylkesmannen har i tida 22.03 – 01.06.2019 gjennomført høyring av framlegg om utviding av skogvern ved Ørnakken naturreservat. Framlegget er sendt lokale, regionale og nasjonale høringsinstansar, det er kunngjort i lokalavisene og området er lagt ut på fylkesmannen si heimeside.

Vi har fått to fråsegrer til verneframlegget:

- Nordre Sunnmøre landbrukskontor melder at utvidinga gjeld eit området for produktiv skog som i plansamanheng er sett som verneskog, dvs. det trengs tillating frå skogoppsyn før hogst. Vidare melder dei at det vil ha uheldige konsekvensar for grunneigarar og storsamfunn om ein ikkje får rydda fallved etter stormfelling, til dømes utslepp av CO₂ frå nedbryting av ved. Det blir peika på at med ei utviding på 290 dekar vil vernet dekke ein stor del av det produktive skogarealet og forhindre moderne skogsdrift som kan ta opp CO₂, noko dei ser som viktig for lokalsamfunnet med tanke på utslepp frå trafikken på E39. Landbrukskontoret finn det rett at produktive skogarealet som er økonomiske drivbare skal nyttast til framtidig verdiskaping. Store areal langs Storfjorden er ikkje økonomisk drivverdig som det kan vere mogleg å finne dei 10 % av skogarealet som Stortinget har vedtatt for vern. Nordre Sunnmøre landbrukskontor frarår på vegne av Skodje kommune at dette arealet blir verna og lagt til Ørnakken naturreservat.
- Nordre Sunnmøre Skogeierlag støttar Helga Færøy og Kolbjørn Snekvik ved Nordre Sunnmøre Landbrukskontor si fråsegn om at produktivt skogsareal som er økonomisk drivbare, bør nyttast til klimavennleg verdiskaping. Det er nok av skogsareal langs Storfjorden som ikkje er økonomisk drivbare, og her skulle det være godt mogleg å finne 10 % av skogsarealet som Stortinget har vedtatt verna i denne regionen.

Fylkesmannen si vurdering av fråsegnene

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga *Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfold* (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 % av skogarealet. I mars 2019 var ca. 4,7 % av den produktive skogen i Noreg verna.



I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha betydeleg positiv effekt på trua artar i skog, og Regjeringa vil vidareføre det langsiktige arbeidet med skogvern. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog. Dersom området har natur- og miljøkvalitetar som kvalifiserer til vern og vernemyndigheita takkar ja til tilbodet, kan området vernast som naturreservat etter naturmangfaldlova §37. Det blir då semje om ein avtale mellom skogeigar og staten som inneheld avgrensing av området, verneforskrift som regulerer bruken av området, samt erstatning. Avtalane for denne utvidinga er signert av alle partar.

Oppretting av naturreservat inneber vern av tre, vegetasjon og alt dyreliv i området. Normal jakt, fiske, hausting av bær og sopp kan halde fram som før vernet. Skogeigar avstår retten til å drive skogbruk i naturreservatet, og vil derfor få erstatning for tapet av framtidige inntekter knytt til skogbruk i området. Skogeigar beheld eigedomsretten, samt jakt-, fiske- og beiterettighetene i området. Hytter eller setrer kan nyttast og bli vedlikehalde som før. Dersom det ligg eksisterande vegrar i området, vil bruk og vedlikehald av disse bli avklart i verneplanprosessen og partane blir einige om reglane for dette i verneforskrifta for området.

I dette verneframlegget har grunneigarar tilbydd eigedommar til vern for å sikre biologiske viktige verdiar i et særskilt verdifullt område. Skogtypane her er kystfuruskog, furuskog som veks innanfor særskilt oseanisk bioklimatisk seksjon i Noreg, med boreonemoral regnskog. I Møre og Romsdal er området i og rundt Ørnakken naturreservat kjerneområdet for slik regnskog (Rapport MU2018-19). Kystfuruskog med regnskogsmiljø har same dekningsgrad og er fragmentert samanlikna med regnskog med gran i Midt-Norge, grunna at regnskogskvalitetane ikkje har vore i fokus ved oppretting av tidlegare skogvernområde. Området tilbydd for frivillig vern er ei utviding av eit allereie eksisterande verneområde, og det vil dermed være gunstig med tanke på å ikkje verne heilt nye område som kan vere økonomisk lønnsame for skogsdrift.

Området vart undersøkt i 2015 i forbindelse med kartlegging av kystfuruskog i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal (Rapport MU2016 – 16). Undersøkingsområdet strekker seg sør for Digernes og aust for Svartavatnet og videre aust- og sørover til Haugtjørna til grensa mot eksisterande Ørnakken naturreservat. Tilrådinga i dette forslaget til skogvern er altså i kjernen av dette undersøkingsområdet. Der blei det registrert fem kjerneområde med naturtypelokaliteter, derav to lokalitetar med regnskog, to gamle furuskogar og ein rik edellauvskog. Skogkvalitetane her er først og fremst at det er mykje gammal furuskog. Skogtypen fortsett vidare sørover til Ørnakken naturreservat og utgjer eit stort og samanhengande furuskogsområde, med ein mosaikk av myrområde og enkelte lauvskogsområde. Området er lite delt opp av inngrep, og arronderinga er derfor god. Skogen er også lite påverka av hogst, framande artar og planta gran. Den viktigaste delen av det undersøkte området er sørøst for skogsbilvegen mellom oppkjørselen frå E39 og opp til grensa til Ørnakken naturreservat. Dette er i området vi tilrår vern. Dei registrerte naturverdiane av trua artar som gubbeskjegg (NT) og enkelte artar frå lungeneversamfunnet og kvithovudnål (NT), samt potensial for interessante soppfunn på gadd og læger, aukar kvaliteten og kjerneområdet til den eksisterande skogen.

I forhold til mangelanalysar for skogvern i Noreg (Framstad mfl. 2002, 2003) så kan truleg myke førast til det som er «sterk oseanisk furuskog». I tillegg finst «rikt hasselkratt». Edellauvskog, utforming rike hasselkratt, regnskog, «kystfuruskog» og gammal barskog ble også vurdert som skogstypar med lav vernedeckning i evalueringa av norske verneområde (Framstad mfl. 2010). To lokalitetar med boreonemoral regnskog tilsvara temperert kystfuruskog, en raudlista naturtype vurdert som sterkt trua (EN) av Bendiksen (2011). Undersøkingsområdet Svartavatnet øst blir vurdert som regionalt til nasjonalt verdifullt (4 poeng).



Det er difor slik at dei biologiske viktige verdiane som er her, ikkje finst i same grad andre stader langs Storfjorden. Allskog har arbeidd hardt for å få fram areal for frivillig skogvern langs Storfjorden, men dette har ikkje lykkast. Det å få ei utviding av eit allereie eksisterande verneområde vil også styrke kvalitetane i det eksisterande verneområdet og auke kjerneområdet.

Dei store verneverdiane som er spesielle for dette området, og det faktum at skogeigarane har vald å ta ut verdiane i skogen som frivillig vern, gjer at fylkesmannen ser vekk frå frårådinga til det interkommunale landbrukskontoret.

Tilråding:

- Fylkesmannen tilrår utviding av Ørnakken naturreservat i samsvar med høyningsframlegget slik at arealet vert 4452 dekar.
- Verneføremålet vert tilrådd som i høyringa.
- Forskrifta elles blir tilrådd som i høyningsforslaget

Vi legg ved dei to høyingsfråsegnene og oppdatert verneforskrift (//.) .

Med helsing

Astrid Buset (e.f.)
fagkoordinator

Hege Steigedal
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Forskrift for Ørnakken naturreservat, Skodje kommune
- 2 Vernekart Ørnakken naturreservat - Skodje kommune
- 3 Innspel til utvida skogvern ved Ørnakken naturreservat - Skodje kommune



Kopi til:

NORGES HANDIKAPFORBUND	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
NORGES LUFTSPORTFORBUND	Møllergata 39	0179	OSLO
STATKRAFT SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
STATNETT SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Regine Bruteig	Håemshøgda 13	6260	Skodje
MØRE OG ROMSDAL BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	c/o Stein Asle Brubæk Brakstadstranda 345	6636	ANGVIK
DEN NORSKE TURISTFORENING	Youngstorget 1	0181	OSLO
DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING MED BERGMESTEREN FOR SVALBARD	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
NORGES MILJØVERNFORBUND	Postboks 593	5806	BERGEN
NORSKOG	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vik	0116	OSLO
UNIVERSITETET I TROMSØ -	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
NORGES ARKTISKE UNIVERSITET			
Nils Jarle Ytreberg	Kloptjernveien 9	3014	Drammen
Finn Bruse Salkjelsvik	Furmyrvegen 9 D	6018	Ålesund
Lars Inge Flåte	Ålesundsvegen 2221	6260	Skodje
MØRE OG ROMSDAL SAU OG GEIT	c/o Marianne Elisabeth Eltvik Rodalsvegen 250	6686	VALSØYBOTN
NORGES FJELLSTYRESAMBAND	Stortingsgata 30	0161	OSLO
NORSK BIOLOGFORENING (BIO)	Postboks 1066 Blindern	0316	OSLO
NORSK ORGANISASJON FOR TERRENGSYKLING	c/o Tore B Lundemo Åsløkkveien 24	1341	SLEPENDEN
SPRÅKRÅDET	Postboks 1573 Vik	0118	OSLO
NORDVEST NETT AS	Elling O. Wallbøes veg 12	6240	ØRSKOG
SKODJE KOMMUNE	Rådhuset Nihusvegen 1	6260	SKODJE
MØRE OG ROMSDAL	Postboks 2500	6404	MOLDE
FYLKESKOMMUNE			
NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND MØRE OG ROMSDAL	Skaret	6422	MOLDE
SABIMA	Mariboes gate 8	0183	OSLO
NORSK BOTANISK FORENING	Postboks 1172 Blindern Naturhistorisk museum	0318	OSLO
STATENS KARTVERK	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
NATURVERNFORBUNDET I MØRE OG ROMSDAL	c/o Øystein Folden Rasta 4	6630	TINGVOLL



NORGES JEGER OG FISKERFORBUND	Postboks 94	1378	NESBRU
Hans Kristian Flaate UNIVERSITETET I OSLO	Flåtevegen 30 Postboks 1072 Blindern	6260 0316	Skodje OSLO
NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
NORSK ZOOLOGISK FORENING	Postboks 6731 Etterstad	0609	OSLO
NIBIO - NORSK INSTITUTT FOR BIOØKONOMI	Postboks 115	1431	ÅS
NORGES MILJØ- OG BIOVITENSKAPELIGE UNIVERSITET (NMBU)	Postboks 5003	1432	ÅS
Snorre Sortehaug AVINOR AS	Øvre Kipperberget 23 Postboks 150	6030 2061	Langevåg GARDERMOEN
NORGES TEKNISK- NATURVITENSKAPELIGE UNIVERSITET NTNU	Høgskoleringen 1	7491	TRONDHEIM
LUFTFARTSTILSYNET	Postboks 243	8001	BODØ
FORSVARSBYGG	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV I MØRE OG ROMSDAL	Idrettsvegen 2	6413	MOLDE
NORGES NATURVERNFORBUND	Mariboes gate 8	0183	OSLO
NORSK BONDE- OG SMÅBRUKARLAG	Akersgata 41	0158	OSLO
ALLSKOG SA NATUR OG UNGDOM FRILUFTSRÅDENES LANDSFORBUND	Ingvald Ystgaards veg 13A Postboks 4783 Sofienberg Eyvind Lyches vei 23B	7047 0506 1338	TRONDHEIM OSLO SANDVIKA
NHO REISELIV NORGES ORIENTERINGSFORBUND	Postboks 5465 Majorstuen Postboks 5000	0305 0840	OSLO OSLO
NORSK INDUSTRI NORSK ORNITOLOGISK FORENING	Postboks 7072 Majorstuen Sandgata 30B	0306 7012	OSLO TRONDHEIM
NORSK SAU OG GEIT NORSK BERGINDUSTRI	Postboks 104 Postboks 7072 Majorstua	1431 0306	ÅS OSLO
STIFTELSEN NORSK INSTITUTT FOR NATURFORSKNING NINA	Postboks 5685 Torgarden	7485	TRONDHEIM
NORGES BONDELAG NORGES SKOGEIERFORBUND	Postboks 9354 Grønland Postboks 1438 Vikå	0135 0115	OSLO OSLO
STATSKOG SF	Postboks 63 Sentrum	7801	NAMSOS